

# Klasseforeldremøte 3. klasse 10.09.14

## Refrat

Val av nye klassekontaktar for skuleåret 2014/15

Eirin Misje (1 år) Ann Kristin Steindal (2 år)

Ståle Villanger (FAU)

Kontaktlærar snakka om korleis skulen har endra seg og kva utfordringar desse endringane fører til når det gjeld å skapa gode lesarar og etablera god talforståing og grunnleggjande forståing for posisjonssystemet i matematikkfaget.

**Norsk:** Viktig å stimulera til lesing. Heim og skule må saman gjera det dei kan for å få stimulera borna til å lesa mest mogeleg. Ynskje frå foreldra at leseleksa skal lesast 3 gongar.

**Matematikk:** Heimen kan og vera ei viktig brikke for å skapa god talforståing gjennom små og enkle matematikkaktivitetar som ikkje treng materiell. (Sjå tips på baksida av referat)

**Engelsk:** Stadig høgare krav i dette faget. Mange ord som blir forventa elevane skal meistra. Viktig å øva jamnleg og godt på dei engelske vekeorda slik at dei både skjørnar kva dei betyr og greier å skriva dei ned rett. It's learning testen er eit nyttig hjelpemiddel.

**Andre fag:** RLE blir i hovudsak eit «skulefag» utan heimelekser. Vanskelege tekstar i elevboka gjer at ein går gjennom desse på skulen. I **natur og samfunnsfag** er det viktig at de les leksa saman med borna og snakkar om innhaldet. Les desse leksene fleire gongar. **Musikk og gym.** har me saman med 4. klasse.

Det er vanskeleg å få til uteaktivitetar utan at foreldre er med. Har berre lærling i nokre få timer. Fint om kontaktlærar får melding dersom dette kan la seg gjera.

Melding om sjukdom skal gjerast til kontaktlærar eller administrasjonen om morgonen den dagen ein er sjuk.

Det kom framlegg om å auka innskota til klassekassen frå 100 til 150 kr.

Dei til ei kvar tid valde klassekontaktane får fullmakt til å kjøpa inn gåver og anna frå klassekassen. Dersom alle heimar sender ei mail til kontaktlærar så kan kontaktlærar laga ei mail-liste og formidla denne vidare til klassekontaktar.

Hordabø skule, 12.09.14

Johs. M

(ref.)

## MATEMATIKK-TIPS – Korleis kan heimen vera med å styrkja grunnleggjande ferdigheiter i faget?

Høyra dei gongetabellen. (Kjem seinare i år) Kva er  $2 \times 2$ ?  $3 \times 2$ ? Alle mogelege kombinasjonar.

Kva er det dobbelte av...?

Kva er halvparten av ... ?

Kva er 10 meir enn? 11 meir enn. Alle kombinasjonar. Mindre enn ..

Telja med 5-10-og 100 om gongen frå ulik plass på tallinja. (5-10-15.. / 7-12-17..)

Terpa på tiarvenene – og etter kvart hundrarvener (4-6, 25-75)

Klokka Nøyaktig tidspunkt. Kor lenge er det til klokka er ...? Heile og halve timer. Minutt/kvarter.

Snakka om meter – centimeter. Kilo – gram - Liter – desiliter (når situasjonen byr seg) Pengar. Veksling.

Brettspel med terningar. Ludo - Yatzy. Kortspelet casino.

Gjera avtale: 10 min. på t.d. Multi sine sider før dei får fritt «spelerom» på maskina. (sjå eks. på aktuelle nettstader nede på sida.

Det er mykje ein kan gjera. Borna treng meir oppfølging i matematikk no enn før. Ikkje ver likegyldig og tru at alt ordnar seg berre ein tar tida til hjelp.

<http://web3.gyldendal.no/multi/1-4nettoppgaver/>

<http://www.lokus.no/products/view/59>

<http://www.matematikk.org/>

<http://www.moava.org/>

Lukke til!

Eg legg dette ut på It's learning!